



Krzysztof Szewczak skrapar

Den etterlengta målinga av kyrkja, som i 2014 rundar 100 år, er igang og det er spesialfirmaet Meusbürger med base i Odda som har jobben. Det var også dei som måla det særleg hardt målingsslitte inngangspartiet i 2011.

No skal resten av kyrkja målast og Rafael Plotka trur at det kan ta opptil 4 veker. Han er tyskar med polsk bakgrunn og har selskap av polakkane Krzysztof Szewczak og Michael Szewczak, Men kor lang tid det tek er sjølv sagt veravhengig.



[Michael Szewczak skrapar](#)

Nokon har kanskje undra seg over at trioen jobbar for fullt med måling under dagens vertilhøve, men dei strekar under at det sjølvsagt er ei grense sjølv om dei har god dekning mot regnet av presenningar. Når tilhøva er som no konsentrerar dei seg i stor grad om skraping og grunning. Det skjer til dømes i dag.

Trioen nyttar oljebasert måling når dei tek seg av kyrkjer og liknande verneverdige hus, som Meusburger har spesialisert seg på å måla og pussa opp.

Namnet skriv seg frå Austerrike fordi gründaren kom frå det landet. Men no er det sonen som er sjef.

Inngangspartiet vert det ikkje gjort noko meir med - det er godt beskytta etter jobben som Meusburger gjorde for snart 2 år sidan.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Rafael Plotka trur jobben tek opptil 4 veker